

Hallo i nedslagsfeltet!

Det kvite teppet som dekkjer frukthagane i Sogndal markerer at epleslangsesongen offisielt er over. Sett bort frå dette, går kvardagen i saftbygda vidare i same spor som før.

Sidan sist gong de hørde frå meg har eg teke brattkort. Det vil seie at eg er «sertifisert» til å sikre andre når dei klatrar, og at eg sjølv kan klatre på det ein kallar led. Både nyttig og kjekt å kunne. Det har dessverre blitt mindre klatring enn eg tenkte då eg kjøpte meg klatreutstyr, så framgangen er ikkje så stor enno. Dessutan synest eg det er kjekkare å klatre ute i ekte berg enn inne i hallen. Kanskje ikkje så rart for ein geologistudent. Kva er vel betre enn å studere stein samtidig som ein klatrar og får trent? Rett og slett ein geologsport. Ein er avhengig av tørr stein viss ein skal vere ute, så det blir nok mest innandørs framover.

Sist "blogginlegg" nemnde eg at eg har fått nytt treningsprogram. Det har gått nokså bra fram til no, men mykje hard spensttrening og intervallar på hardt underlag har tæra på føtene. Her i Sogndal går all løpstreninga mi føre seg på tartan, asfalt eller tredemølle. Viss eg skal trekkje fram noko negativt med Sogndal, må det vere mangel på grusvegar. Det er ikkje å oppdrive, med mindre du vil springe i motbakke, noko eg ikkje har fått smaken på enno. Det skal visst vere ein grusveg i retning Kaupanger, men grusvegen startar ei halv mil frå der eg bur. Nokså tungvint, med andre ord. Eg saknar å kunne leggje øktene mine rundt Fetvatnet. Perfekt trasè for både langturar og lengre intervallar.

Siste veka har eg slite med konstant vonde og trøyte bein, og eg føler meg ikkje heilt på topp. Difor skal eg gi kroppen eit par dagar med treningsfri, sjølv om det ikkje finst noko som er kjedelegare når du er motivert og gira på å trene. Ein må ikkje gløyme å lytte til kroppen, den skal trass alt bere deg i mange år framover. Det går ikkje an å berre bryte ned, det er viktig å byggje opp også. Og medan eg kviler meg, bruker eg tida på eksponentialfunksjonar og derivasjon. Eg er med andre ord midt i ein bolk med matematikkundervisning, og vanskegrada eskalerer kraftig for tida. Tunga skal haldast rimeleg beint i munnen for å henge med under førelesingane. Noko som er litt artig er at vi har klasserom i stadionbygget på Fosshaugane campus. Og frå klasserommet har vi utsikt ned til sjølve fotballbana, der Sogndal har treningane sine. Eg har med andre ord moglegheit til å studere både matematikk og tippeligafotball samtidig!

Medstudentane mine jublar over snøen som har kome. Dei aller argaste i klassa mi har allereie vore på ski fleire gonger siste vekene. Då mattelæraren vår starta førelesinga med å vise oss bilete frå ein skitur han anbefalte, forstod eg at eg er nøydd til å gi etter, og skaffe med skiutstyr sjølv. Når ein snakkar ski i Sogndal er ikkje spørsmålet om du skal ha Fischer eller Madshus. Klassisk eller skøyteski er heilt urelevant, for her skal ein lengst mogleg vekk frå preparerte løyper. Det er snakk om kor breie pudderplankane dine er, kva bindingar du har, og om du har skaffa deg dei lettaste randonnee-

skoa på marknaden. Ein jaktar etter dei brattaste rennene og villaste nedkøyringane. Eit ukjent felt for min del - enn så lenge.

Siste åra har eg tenkt at det må vere fantastisk å kome seg på fjelltoppar vinterstid. På sommaren fyk eg jo på toppturar rett som det er, så kvifor skal snøen stanse meg? Når eg viser klassekameratane mine bilete av fjella heime er dei nærmast sjokkerte over at eg ikkje har gått toppturar på vinteren. Og når eg tenkjer meg om er det synd å ikkje bruke naturen under den finaste og kaldaste årstida. Difor har eg bestemt meg for å kjøpe meg skiutstyr, og starta førre veke med eit par brukte og billige sko. Så er det berre resten av skiutstyret som manglar. Og kven veit, kanskje vert eg frelst av skikøyring, og renn ned frå Sykkylvstoppane i påska? Tida vil vise!

PS: mi personlege form på ein skala frå 1-10 er i skrivande stund vurdert til 4.9.

